



Det kjem etterkvart tildels sterke innvendingar mot Beinavikjo-planen. Akkurat no vert det nyaste huset måla raudt. . (Foto: Ola Matti Mathisen)

### **Det kjem etterkvart tildels sterke innvendingar mot reguleringsplanen for Uskedalen Brygge/Beinavikjo.**

Sigurd og Målfrid Utne har henta sitt utkast på SPAR og det var kun eit fargelagt A4-kart utan vedlagt reguleringsplan. Den har dei seinare fått frå ein annan og dei påpeikar i eit brev til kommunen at det ikkje var noko nabovarsel som dei skulle hatt.

Dei opplyser at deira eigedom er implisert, med forslag om å nytte tomte KH2 br.nr. 122/42 mellom anna til tomteavståing til kommuneveg, fylkesveg og visstnok også til intern veg. Dei held fram at dette er eit komplisert saksområde og at dei må ha meir tid til nærmare undersøkjing. Svaret deira må difor bli eit førebels nei og dei ønskjer utsetjing til 25. mai.

Ivar B. Arnesen skriv i si uttale at det ikkje vil bli akseptert at nye bygningar blir bygt høgare enn dagens på grunn av at all utsikt til sjø blir borte og at dette vil bety ein betydeleg verdireduksjon for bustaden deira. Bygningen som blir sett opp på KB2 (det såkalla "sjøhuset" red.anm.) har allereie teke utsikt frå dei, då dette er betydeleg høgare enn det gamle huset som stod på denne grunnen. Arnesen spør også om det er varsla om dette bygget tidlegare og slår fast at utsikt over fjorden her har forsvunne.

Av Ola Matti Mathisen